




FINNÅS KRAFTLAG

Årsrapport 2021



Innhald

Nok eit spesielt år	4
Nøkkeltal	7
Finnås Kraftlag SA (Konsern).....	7
Finnås Kraftlag AS (Marknad).....	7
Bømlo Kraftnett AS (Nett og veglys)	8
Konsernet si verksemd	9
Føremål.....	9
Medlemstal	9
Oppgjer for partmedel	9
Eigarskap i andre	9
Medlemskap i Organisasjonar	9
Organisasjon.....	10
Styret	11
Vararepresentantar	11
Styreansvarsforsikring.....	12
Forsikringsdekning.....	12
Valnemnd	12
Revisjon.....	12
Visjon og verdier	12
Konsernstruktur	13
Bømlo Kraftnett AS	13
Nettselskapet sitt eigarskap i andre	13
Finnås Kraftlag AS.....	13
Vidare drift	14
Arbeidsmiljø.....	14
Likestilling og diskriminering.....	14
Midlertidig tilsette	15
Deltidsstillingar	15
Ytre miljø	15
Etikk og samfunnsansvar	15
Årsrekneskap	16
Framtidig utvikling.....	17
Finansiell risiko	18
Disponering av resultat.....	19
Kort om drifta i 2021.....	20
Finnås Kraftlag SA.....	20
Bømlo Kraftnett AS	20
Personale	20
Eigedomar	20
Ekornsæter stasjon.....	20
Børøysund stasjon	20
Nettstasjonar:.....	20
Lågspennnett:	20
Nettleige	21
Nettdrift	22
Det lokale el-tilsyn, DLE	24
Veglys.....	26
Byggjestrøm	26

Finnås Kraftlag AS.....	27
Personale	27
Breiband	27
Kraftomsetnad	29
Elbil-lading.....	29
Solceller.....	30
Resultatrekneskap.....	31
Balanse pr. 31.desember.....	32
Balanse pr. 31. desember.....	33
Rekneskapsprinsipp.....	34
Note 1 – Segmentinformasjon.....	36
Note 2 – Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.m.	38
Note 3 – Varige driftsmidler	39
Note 4 – Aksjar og andelar i andre føretak mv.	40
Note 5 – Investering i dotterselskap	40
Note 6 – Oversikt over medlemsinnskot	40
Note 7 – Eigenkapital.....	41
Note 8 – Pensjonskostnader, -midlar og –forpliktingar	42
Note 8 – Pensjonskostnader, -midlar og –forpliktingar held fram	43
Note 9 – Kraftkontraktar	43
Note 10 – Skattekostnad.....	44
Note 10 – Skattekostnad held fram	45
Note 11 – Likvidar og likvidplasseringar.....	46
Note 12 – Annan langsiktig gjeld.....	46
Note 13 – Finansiell risiko	46
Note 14 – Marknadsbaserte fondsandelar	47
Note 15 – Transaksjonar og mellomværande med nærstående partar	47
Kontantstraum	48
Revisjonsberetning	49

Nok eit spesielt år

Me e' der når nåke skjer!

Finnås Kraftlag runda 75 år i 2021. Det er imponerende å tenkje tilbake på dei pionerane som etablerte selskapet stod i bresjen for. Det var behovet for meir kraft som var drivkrafta, og spådommane om ei framtid med enda større behov for elektrisk energi. I valet mellom to løysingar, valte dei å gå for det største alternativet med produksjon i Matrefjella og overføringslinjer ut mot kysten. Dette har vist seg som eit klokt val. Me har no kunna hauste av innsatsen og vala som vart tatt for meir enn 75 år sidan. Å forvalte desse verdiane vidare er difor eit viktig oppdrag for oss som driv selskapet vidare i dag.

Det var behovet for kraft som låg til grunn for etableringa av Finnås Kraftlag for 75 år sidan. I dag gjer elektrifiseringa av samfunnet og overgangen til grøn teknologi at ein på ny må tenkje utviding av kapasiteten både inn til regionen, øysamfunnet Bømlo og internt på øya. Næringslivet på Bømlo har framtidstru og er villige til å satse. Det er fleire utvidingar på gang og mange initiativ til framtidig utvikling. Førebels har me klart å levere til alle som har ynska auka kapasitet. Denne situasjonen er i ferd med å snu, og planlegging og tilrettelegging for å tilpasse seg den varsla auken i forbruk vert eit viktig arbeid framover. Leiinga og styret har difor starta på eit strategiarbeid for korleis selskapet kan gripe fatt i denne problemstillinga. Det er fleire aktørar involvert i straumflyten frå sentralnett til forbrukar, og forsterkingane er både kostbare og tidkrevjande. Utvidingar på høgare spenningsnivå er avhengig av konsesjon og sakshandsaming hos myndigheitene. For at desse skal ta tak i oppgåva må dei vera konkrete kundar som kan fakturerast for arbeidet. Regelverk om kostnadsfordeling og anleggsbidrag kan fort bli ein bremsekloss i dette viktige arbeidet og det er her Finnås Kraftlag kan spela ei nøkkelrolle i utviklinga. Kanskje



er tida moden for å tenkje på same måten som grunnleggjarane av selskapet tenkte for 75 år sidan då dei valte å satse, og gjekk for det framtidsretta alternativet med god kapasitet for regionen.

Også dette året har Covid-19 pandemien prega drifta. Pandemien tok liksom aldri heilt slutt, og me fekk faktisk ei oppblomstring på slutten av året. Saknet etter å samle personalet har vore større enn ein skulle tru. Det har vore lite sosiale aktivitetar og det har vore vanskeleg å dyrke samhaldet som ein ynskjer å ha mellom dei tilsette. Den ordinære drifta har likevel gått bra med fleksible tilsette og IT løysingar som kunne brukast frå heimekontor. Gode smittevernrutinar har gjort at me har kunna hatt tilnærma ordinær drift blant våre tilsette som ikkje kunne isolere seg på heimekontor. Det var planar om ei storstilt markering av 75 årsjubileet, men også dette arrangementet måtte dessverre avlysast då det ikkje var forsvarleg å samle så mange personar på ein stad.

Å drifte eit selskap som er organisert som eit konsern er meir krevjande enn det ein såg føre seg før oppdelinga. For våre tilsette betyr det at nå må alt gjerast i tre omgangar. Mange av våre arbeidsoppgåver gjer det nødvendig å logge seg inn i ulike databasar og system. Når databasane i dei ulike selskapa er splitta, medfører dette tyngre prosessar når ein skal arbeide på tvers av selskapa. Det er ikkje berre våre tilsette som merkar forandringa, men og kundane. Der dei tidlegare kunne få tilgang til all informasjon om eigne produkt og tenester samla på ei nettside, må ein no logge inn på dei ulike selskapa sine «Mine Sider». Dette kan vera vanskeleg for kundane å finne ut av. Me har difor sett i gang arbeidet med å utvikle ein APP som

kan presentere interessant og nødvendig informasjon for kundane våre på ein enkel og oversiktleg måte. Dessverre vart ikkje dette arbeidet ferdig i 2021 og held difor fram med auka tyngde i første halvdel av 2022.

2021 starta med låge temperaturar og høgt straumforbruk. Sjølv om prisane auka frå 2021, var det først i september me byrja å sjå konturane av dei ekstraordinære høge energiprisane som me skulle oppleve på slutten av året. Det var lite snø i fjellet vinteren 2020/2021 og ein tørr sommar og haust auka faren for tomme magasin. Noreg og spesielt vår landsdel er i tillegg knytt enda tettare opp mot Europa og England via nye utanlandskablar med høg kapasitet. I Europa er mykje av den stabile straumproduksjonen avhengig av gass og kol. Gass, kol og CO₂-prisane har skutt i været både på grunn av stor etterspurnad, men og på grunn av usikre tider aust i Europa. Dette kan påvirke leveransane i framtida og har delvis vore prisa inn i marknaden. I skrivande stund har den frykta krigen mellom Russland og Ukraina brote ut, og energiprisane har auka ytterlegare. Tyskland har planar om å stanse, og har allereie lagt ned fleire kjernekraftverk som og løftar framtidsprisane. Heldigvis innførte myndigheitene støtteordningar for hushaldningskundar og bønder frå desember av, men det er trist at det ikkje er innført ordningar for resten av næringslivet som nå slit med dei høge energiprisane.

Under arbeidet med fastsetting av tariffane og budsjettet for 2022 tok ein omsyn til situasjonen med dei høge prisane. Resultatet vart at ein valte å redusere tariffinntektene med 6 millionar eks. moms, samanlikna med kva ein eigentleg skulle tatt inn av inntekter. Me har og sagt frå oss inntekter i 2021. Beløpet vart her ikkje fastsett på førehand, men i samband med årsavslutninga har me avskrive 2,427 millionar som tapt inntekt og dermed sagt frå oss høve til å ta desse inntektene igjen i framtida. Omgjort til øre/kWh utgjør dette

om lag 1,7 øre/kWh i rabatt til alle nettkundane våre i 2021. På dette området skil Bømlo Kraftnett seg frå andre nettselskap, som skjeldan eller aldri avstår frå å ta inn alle lovlege nettinntekter.

Finnås Kraftlag står midt oppe i ei IT omlegging. Fram til no har me stort sett sjølv stått for val av leverandørar og avtalar. Som liten aktør har det vore vanskeleg å oppnå gode prisar og prioritet frå leverandørane. Framover ynskjer me i samarbeid med Nettalliansen å få til rimelegare avtalar med IT-leverandørar. Overgangen frå eksisterande til nye leverandørar har vore meir komplisert og tatt meir tid enn først planlagt, og berre eit nytt program vart levert i 2021.

Kundane har forventningar om at kraftselskapa skal tilby meir enn berre straum og breiband. I 2021 starta me difor å levere ladar for elbilar og solcelleanlegg. Denne satsinga har me klart å gjennomføre utan å tilsette nytt personell. Det er stort sett sal og fakturering som vert gjort av eige mannskap. Sjølv installasjonen vert gjort av eksterne samarbeidspartnarar. Sala har slått alle prognosar, og dette viser at det var ein marknad for denne satsinga. Framover er det viktig at kundane kan utnytte potensiale som ligg i styring og bruk av produkta. I denne samanheng håpar me at vår framtidige APP-løysing kan bli ein viktig faktor.

Visjonen vår forpliktar: «Me e' der når nåke skjer!». Kraftlaget har som mål å yta ekstra god kundeservice. Difor er det svært gledeleg at me for 12. året på rad er i teten ved samanlikning av tilbakemeldingar frå kundane i Altibox-partnarskapet. Me ser av tilbakemeldingane at det er heile verksemda som blir vurdert, og me set pris på alle dei verdifulle tilbakemeldingane me får. Me skal bruke desse i vårt arbeid med å bli endå betre.

Me går ei spennande tid i møte, men Finnås Kraftlag har nå tilpassa seg dei nye reglane og har planar for framtida. Me har dyktige og motiverte medarbeidarar som er klare til å møte dei utfordringane me står

ovanfor. Likevel ser me at det kan bli nødvendig å få enda fleire med på laget slik at me kan halde fram å utvikle selskapet til beste for innbyggjarane på Bømlo og alle kundane våre. Me lovar i alle fall å gripa dei moglegheitene som måtte dukke opp!

Til slutt vil eg takka tilsette, styret, kundar, medlemmer og leverandørar for eit godt samarbeid i 2021.

Tor Bjarne Smedsrud
Administrerende direktør



Arbeidet er i gang med utviding av fiskerihamna i Langevåg.

Nøkkeltal

Finnås Kraftlag SA (Konsern)

Nøkkeltal Finnås Kraftlag SA (Konsernet)	2021	2020	2019	2018
Driftsinntekter	237 954	146 563	178 539	173 822
Driftsresultat	17 149	16 841	13 366	13 531
Utbytte Haugaland Kraft	22 865	23 261	26 194	12 183
Resultat av finansposter	24 067	23 732	25 674	8 676
Resultat før skatt	41 216	40 573	39 039	22 207
Skatt	1 609	2 278	2 511	1 342
Årsresultat Konsern	39 607	38 295	36 529	20 865
Kjøpsutbytte	12 500	12 000	10 000	7 300
Allmennyttinge gaver	3 096	1 961	2 274	1 910
Medlemmer	3 775	3 539	3 538	3 493
Antal tilsette, totalt	33	31	31	32
Antal lærlingar (herav)	2	2	2	2
Pensjonistavtale (herav)	2	2	2	2
Fråværsprosent	4,1 %	4,4 %	4,3 %	5,0 %
Pensjonskostnad	4 067	3 074	3 692	3 844
Netto pensjonsforplikting	1 847	1 374	1 713	1 879
Personalkostnad	28 697	26 651	27 158	26 382
Investeringar totalt for konsernet	23 441	31 845	27 565	44 074
Totalkapital	1 087 804	1 054 338	1 046 958	1 054 255
Eigenkapital	953 382	929 300	904 966	880 698
Eigenkapitalandel	88 %	88 %	86 %	84 %
Gjeld til kredittinstitusjonar	59 211	64 562	80 709	105 907

Finnås Kraftlag AS (Marknad)

Nøkkeltal Finnås Kraftlag AS	2021	2020	2019	2018
Driftsinntekter	160 613	73 473	109 143	108 093
Driftsresultat	9 869	5 451	7 899	5 819
Breibandskundar (Privat)	5 481	5 341	5 137	4 964
Breibandskundar (Bedrift)	232	185	185	185
Fiberoppkoplingar	216	254	226	203
Fiberkablur (km)	903	886	857	831
Nodestasjonar	18	18	18	18
Antall Straumkundar (salgsordrar/abonnement)	6 903	7 134	7 291	7 383
Marknadsandel antall kundar	78,6 %	82,4 %	85,2 %	87,4 %
Kraftsal egne kundar (GWh) ¹	134,4	137,9	133,6	133,2
Marknadsandel volum ²	75,6 %	79 %	79 %	78 %
Snitt straumpris inkl. påslag og mva ³	100,0	17,6	54,9	56,7
Antal tilsette, totalt	8	8		
Lærling (herav)	0	0		
Pensjonistavtale (herav)	1	1		
Pensjonskostnad	957	813		
Pensjonsforplikting	309	270		
Sjuefråvær	3,2 %	4,6 %		
Personalkostnad	6 628	6 737	9 191	8 168
Investeringar	9 189	10 617	15 726	12 158
Avskrivingsstid elektronikk (år)	3	3	3	3
Avskrivingsstid Nodeelektronikk	8	8	8	8
Avskrivingsstid fiberanlegg	20	20	20	20

1) Fra 2020 er ikkje leveringsplikt inkl. i volum kraftsal då dette tilhører nettselskapet

2) Gj.snitt gjennom året

3) Gjennomsnitt husholdning

Bømlo Kraftnett AS (Nett og veglys)

Nøkkeltal Bømlo Kraftnett	2021	2020	2019	2018
Nettramme frå NVE	49 158	44 523	43 328	46 623
Kostnad overliggende nett	28 977	24 144	22 523	19 436
Tillatt inntekt (nettleigeinntekt)	77 858	70 761	69 476	67 001
Meir (+) Mindre (-) inntekt	-2 391	-1 206	-3 532	-4 041
Renter Meir (+) Mindre (-) inntekt	-36	-41	-64	-47
Avskrivning mindreinntekt (rabatt nettleige)	2 427	0	3 596	4 088
Akkumulert meir(+) -mindreinntekt(-)	-4 747	-4 747	-3 500	-3 500
Driftsinntekter	80 666	75 365	69 395	65 728
Driftsresultat Bømlo Kraftnett	6 758	10 904	5 467	7 713
KILE kostnad	1 312	609	593	531
Nettleige hushaldning øre/kWh (ink avgifter) ¹	70,62	69,92	65,04	63,98
Innmata energi (GWh)	186,3	181,9	177,8	179,9
Målt forbruk sluttkunde (GWh)	177,8	173,8	169,7	171,0
Nettap (GWh)	8,4	8,1	8,03	8,9
Max Effektuttak	44,46	33,42	35,93	41,96
Nettkundar (målepunkt)	8 779	8662	8554	8445
Transformatorar	350	346	341	335
Nettstasjonar	328	325	320	318
HS luftlinjer (km)	115,3	123,0	124,4	127,4
HS jordkabel (km)	139,2	138,1	131,6	125,6
HS sjøkabel (km)	10,1	10,0	11,4	11,4
Antal tilsette totalt	18	17		
Lærlingar (herav)	2	2		
Pensjonistavtale (herav)	1	1		
Pensjonskostnad	2 422	1 592		
Pensjonsforplikting	47	470		
Sjukefråvær	4,9 %	4,6 %		
Personalkostnad ³	15 008	13 697	17 967	18 214
Investeringar (både egen- og agnleggsbidragfin.)	14 215	16 872	11 840	31 491
Avskrivningstid nettanlegg (år)	30-55	40	40	40
Avkastningsgrunnlag	242 987	238 417	233 185	220 239
Avkastning før avskrivning av inntektsramme	3,7 %	4,4 %	4,2 %	5,6 %
Avkastning etter avskrivning av mindreinntekt ²	2,7 %	4,4 %	3,0 %	3,7 %

1) Snitt på 20.000 kWh

2) Ingen avskrivning av mindreinntekt i 2020

3) Kostnader innleie personell frå andre selskap i konsernet, kjem som driftskostnad etter 2020



Foto: Jone Røksund

Årsmelding

Konsernet si verksemd

Finnås Kraftlag er lokalisert i Bømlo kommune og organisert som eit SA. Selskapet eig i selskap som driv med kraftomsetting, nettdrift, telekommunikasjon og produksjon. Selskapet vert leia av eit styre valt av årsmøte. Årsmøte er ope for alle medlemene i selskapet. Den daglege leiinga vert ivareteke av administrerande direktør, som rapporterer til styret. Selskapet utfører kundeservice, reinhald, marknadsarbeid og økonomitenester for dotterselskapa.

Føremål

Finnås Kraftlag SA er eit allmenntilgjengelig samvirke med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til selskapet er å:

- Fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet.
- Eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning, omsetja elektrisk energi, produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg.
- Eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyningar.
- Driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet.
- Delta i tiltak med allmenntilgjengelige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde og yta gåver til tiltak med allmenntilgjengelige føremål i konsesjonsområdet.

Medlemstal

Pr. 31.12.2021 har Finnås Kraftlag 3775 registrerte medlemmer.

Oppgjer for partmedel

Pr. 31.12.2021 er det partar med ein samla verdi på om lag 4,1 mill. som framleis ikkje er innløyst.


Eigarskap i andre

Selskapet Finnås Kraftlag SA er mor i konsernet og eig 100% av nettselskapet Bømlo Kraftnett AS og 100% av marknadsselskapet Finnås Kraftlag AS. I tillegg eig selskapet 9,53% av Haugaland Kraft AS. På grunn av at Haugaland Kraft eig 3,27% sjølv, har Finnås kraftlag 9,86% av stemmene.

Medlemskap i Organisasjonar

Finnås Kraftlag SA er medlem i Samfunnsbedriftene, Energi Norge, Opplæringskontoret HSO, Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet (REN), Interessefelleskap for Energiverkene i Regionen (IFER), og Bømlo Næringsråd.

Organisasjon



Styret

Styret består av sju medlemmer og to observatørar. Seks av medlemmene er valt av årsmøtet og eit av dei tilsette. Bømlo Kommune og dei tilsette har ein fast observatør. Styret er gjennomgåande og difor likt i Bømlo Kraftnett AS og Finnås Kraftlag AS.



Torleiv Fylkesnes
Styreleiar



Anne-Beth Njærheim
Nestleiar



Eli Furnes
Styremedlem



Ove Grønås
Styremedlem



Vermund Hjelland
Styremedlem



Signe Lund Jansen
Styremedlem



Johnny Rolfsnes
Styremedlem
Valt av dei tilsette



Sammy Olsen
Observatør
Bømlo kommune



Thomas Vespestad
Observatør
Valt av dei tilsette

Vararepresentantar

1. varamedlem:	Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm
2. varamedlem:	Geir Ivar Ådnanes
3. varamedlem:	Stina Raknes Kvarven

1.vara tilsettere representant:	Rune Nesse
2.vara tilsettere representant:	Tove Lise A. Aasheim

Vara kommunen sin observatør:	Ragnfrid Sønstabø
-------------------------------	-------------------

Styreansvarsforsikring

Det er teikna styreansvarsforsikring for konsernet Finnås Kraftlag SA. Forsikringa inkluderer alle noverande og eventuelt framtidige selskap i konsernet. Forsikringa gjeld for alle styremedlemmer, administrerande direktør og leiinga i alle selskap i konsernet.

Forsikringsdekning

Forsikringsdekninga er på NOK 10.000.000 per skade og totalt i løpet av forsikringsperioda som er 12 månadar.

Valnemnd

Leiar:	Hilde Markhus
Medlem:	Oddgeir Alvsvåg
Medlem:	Jannicke Gjerdevik
Medlem:	Selma Karin Vestvik
Medlem:	Job Nedrebø

Revisjon

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Pb 6013 Postterminalen
5892 Bergen



Visjon og verdier

Me e' der når nåke skjer!

Finnås Kraftlag syter for ei sikker og stabil straumforsyning og gode breibandtenester til alle i konsesjonsområdet. Dette kan me gjera med eit høgt servicenivå fordi me har kompetanse, infrastruktur og tilsette som er ein del av lokalsamfunnet. Ein viktig del av vårt eksistensgrunnlag er at me skal vera ein solid og aktiv bidragsytar til samfunnsutviklinga på Bømlo.

Våre verdier:

Finnås Kraftlag skal vera:

- Servicevennlege
- Offensive
- Rettskafne
- Dyktige



Ein nøgd medarbeidar

Gjennom lokalt eigarskap og lokalisering har Finnås Kraftlag ein sterk posisjon i befolkninga og hos kundane. Selskapet har eit godt omdømme og skårar høgt på kundeundersøkingar.

Konsernstruktur

Selskapet er organisert som konsern frå 01.01.2020.

Bømlo Kraftnett AS

Bømlo Kraftnett AS eig og driftar distribusjonsnettet i konsesjonsområdet. Selskapet eig og kontor- og lagerbygningane, stasjonsbygningane der hovudtrafoane for forsyning av øya er plassert, medan det er Fagne AS (Haugaland Kraft Nett) som eig transformatorane og dei tilhøyrande innmatingslinjene. Det er og Bømlo Kraftnett som driftar veglysa langs dei kommunale- og deler av dei fylkeskommunale vegane på Bømlo.



Ny farge på kontorbygning

Nettselskapet sitt eigarskap i andre

Bømlo Kraftnett med sine 1,062% er ein av 18 eigarar i driftsselskapet Validèr, som er oppretta for å stå for innsamling av måleverdiar ved innføring av AMS.

Saman med 28 andre nettselskap eig me og i Nettalliansen. Dette er eit samarbeid mellom nettselskap om fellestenester/innkjøp.

Bømlo Kraftnett eig og 7/2500 av eit beredskapslager for sjøkabel lokalisert på Stord. Dette er organisert gjennom REN.

Finnås Kraftlag AS

Finnås Kraftlag AS driv med kraftomsetting, breibandtenester og sal og installasjon av heimeladarar og solceller i konsesjonsområdet. Finnås Kraftlag AS er medpartner av Haugaland Kraft Fiber og leverer innhaldstenester frå Altibox. Selskapet har og egne

produkt/leveransar utanfor Altibox samarbeidet. Selskapet har høg marknadsandel både innan straum og breiband.

Vidare drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av vidare drift. Innteninga er god og eigenkapitalen er høg. Styret stadfester at denne føresetnaden ligg fast.

Arbeidsmiljø

Ved årsskiftet har Finnås Kraftlag totalt 31,6 årsverk i konsernet, fordelt på 29 faste stillingar, 2 på pensjonistvilkår og 2 lærlingar. I morselskapet var det ved årsskiftet totalt 7 tilsette.

Fråværsprosent totalt for konsern: 4,1%

Fråværsprosent morselskap: 2,8%

Finnås Kraftlag brukar eit elektronisk system til å ta imot meldingar om avvik m.m. Auka fokus på rapportering har medført at talet på forbetningsmeldingar auka i 2021 og enda på 53 som er over målsettinga vår. HMS utvalet er godt etablert og arbeidar systematisk med HMS arbeid i bedrifta.

Covid-19 restriksjonar har gjort det vanskeleg å arbeide målretta mot ungdom som skal ta vidare utdanning, men me oppfordrar jenter til å søkje utdanning innan våre fagfelt.

Me har eit godt samarbeid med YSST HMS-senter som støttar oss med mange av dei lovpålagde HMS-funksjonane. Arbeidsmiljøutvalet vart erstatta av eit HMS utvalet for å styrka fokus og medverknad i HMS-arbeidet.

I 2021 hadde me ei alvorleg hending der ein av våre tilsette vart skada som følgje av arbeid i roten stolpe. Det gjekk heldigvis betre enn frykta for den tilsette. Hendinga vart granska grundig, og granskninga avdekkja svikt i våre rutinar for å avdekke rotne stolpar. I ettertid er det gjort fleire grep for å unngå liknande hendingar i framtida.

HMS MÅL

- Null skadar
- Sjukefråvær under 2%



Julelunsjen måtte nytast spreidd

Likestilling og diskriminering

Finnås Kraftlag har som målsetting at begge kjønn skal handsamast likt og at ingen arbeidstakarar skal oppleve diskriminering. Me skal likebehandle tilsette og kundar uavhengig av kjønn, religion eller legning.

I 2021 er gjennomsnittet for talet på nytta veker foreldrepermisjon 20 veker. To menn hadde foreldrepermisjon i 2021.

Av dei fast tilsette er 7 kvinner og 22 menn. Me har to lærlingar – begge er menn. Selskapet ynskjer å rekruttere fleire kvinnelege lærlingar og frå 2022 er det tilsett 3 lærlingar, alle kvinner. Selskapet har ingen midlertidige tilsette i 2021. Det er to tilsette i deltidstillingar. Begge er kvinner.



Arbeid med fiberkabel

I styret er det 3 kvinner og 4 menn. Av årsmøtevalte styremedlemmer er fordelinga 50/50.

Midlertidig tilsette

Ved utgangen av 2021 var det ingen midlertidig tilsette i konsernet, men to medarbeidarar arbeidar på pensjonistvilkår.

Deltidsstillinger

Det stort sett nytta 100% stillingsstorleik i selskapet. Det er likevel to kvinneleg tilsette som arbeidar i 66,7% og 90% stillingsstorleik.

Ytre miljø

Våre verksemdar er viktige brikkar i arbeidet med å etablere fornybare samfunn, men me kjem ikkje unna at me påverkar miljøet rundt oss. Finnås Kraftlag er oppteken av å ta vare på det ytre miljøet i samband med fornying og bygging av infrastruktur. Me søker å finna løysingar som er mest mogleg estetisk og vel ofte kabelgrøfter der dette er økonomisk forsvarleg. Kraftlinjene våre er synlege i terrenget og må ryddast for uønskt vegetasjon. Ved skogrydding forsøker me å kviste og rydde på innmark. Det meste av greiner blir kverna opp og ført tilbake til naturen.

Kraftlaget har etablert faste rutinar for avfallshandtering, med kjeldesortering av papir, transformatorar, elektrisk utstyr, oljeavfall, kabel- og leidningsrestar, trevirke, batteri, datautstyr, osv. Alle anleggsområda vert rydda for alt materiell etter at arbeida er avslutta.

Krafttransformatorar inneheld olje. Ved havari på transformatorar kan det skje lekkasje frå transformatoren. Transformatorar som står i nettstasjonsbygg har oppsamlingskar under seg for å fange opp slik lekkasje, medan lekkasje frå trafoar i mastearrangement kan hamne i naturen. Me har hatt ei mindre hending med unormale utslepp til naturen i 2021. Dette var lekkasje frå ein dieseltank der tanklokket ikkje var skikkeleg på.

Bømlo Kraftnett har fleire brytaranlegg som er isolert med Sf6 gass. Sf6 gass er ein såkalla drivhusgass som har eit oppvarmingspotensial på 22000 gonger meir enn CO2 gass sett i eit 100 års perspektiv. Det finnes ny teknologi som gjer at ein kan byggje kompakte brytaranlegg som er luftisolerte. Det vil difor vera eit mål å ta i bruk denne type teknologi ved framtidige innkjøp.

Ved kjøp av nye bilar i 2021 valte ein å kjøpe elbilar med lang rekkevidde. For å få tak i bilar med lang nok rekkevidde og drift på alle hjula, måtte ein velje bilar med fem seter. Det er eit paradoks at skattereglar gjer at bedrifta tapar økonomisk på å bruke slike bilar i vakttenesta samanlikna med eldre varebilar med dieselmotor.



Våre nye miljøvennlege bilar

Etikk og samfunnsansvar

Finnås Kraftlag tar i høgste grad samfunnsansvar. Heile selskapet er tufta på at ein skal arbeide til beste for samfunnet på Bømlo. Årleg deler ein ut gåver til frivillige lag og organisasjonar på fleire millionar kroner. Dei siste 20 åra har Finnås Kraftlag støtta Bømlo-samfunnet med omlag kr. 60 mill. til allmenntilgjeldende føremål.

Nytt frå 2021 er at selskapet deler ut eit ungdomsstipend. Stipendiet er på kr. 25.000,- og kan delast ut til ein ungdom som har utmerka seg på nasjonalt eller internasjonalt nivå. Vinnaren i 2021 vart Oda Løvø Steinsvåg som er med på Olympiatoppen si satsing på unge talent og nye OL medaljar i framtida.

Finnås Kraftlag har i år hatt ein større sponsoravtale med Bømlo Teater og nokre mindre sponsoravtalar med dei ulike idrettslag rundt om på øya.

Selskapet legg og igjen mykje midlar lokalt i form av kjøp av materiell og tenester og skattar og avgifter til kommunen.

Selskapet har vektlagt gode verdiar og brukar dette aktivt i sitt haldningsskapande arbeid både internt og eksternt.



Vinnar av ungdomsstipendiet Oda Løvø Steinsvåg og styreleiar Torleiv Fylkesnes

Årsrekneskap

Finnås Kraftlag-konsernet hadde i 2021 omsetning på kr. 238,7 mill. mot kr. 146,6 i 2020. Driftsresultat vart kr.17,1 mill. og årsresultat etter skatt vart kr. 39,6 mill. Tilsvarende tal for 2020 var kr. 16,8 mill. og kr. 38,3 mill.

Morselskapet Finnås Kraftlag SA hadde i 2021 ein omsetning på kr 14,5 mill, som er ein nedgang på kr. 2,2 mill. samanlikna med 2020. Resultat for 2021 vart kr. 36,0 mill. mot kr 34,4 mill. i 2020.

Finnås Kraftlag SA har mottatt kr. 22,7 mill. i utbytte frå Haugaland Kraft og har eit finansresultat på kr. 24,1 mill.

Auken i omsetning kjem i hovudsak av høgare kraftprisar enn i 2021 samanlikna med 2020, men ein har også auke i omsetning på andre verksemder som følgje av kundevekst på breiband og nye forretningsområde som solcelle og heimelading. I 2020 vart det gitt ekstraordinære rabattar i samband med Korona. For 2021 har ein også valt å gi rabatt ved å avskrifer ei mindreinntekt i nettselskapet på kr. 2,39 mill.

Selskapet har endra avskrivningstid på nettanlegg etter ny vurdering av faktisk og økonomisk levetid.

Det er sett av kr.12,5 mill. til kjøpsutbytte til medlemmene og kr 3,1 mill. til allmenntilgjeldende gåver

Totalkapitalen for konsernet var ved utgangen av året kr. 1.088 mill. Eigenkapitalen var kr. 953 mill. Dette gir ein eigenkapitalandel for konsernet på 87,6%.

Framtidig utvikling

Finnås Kraftlag SA er nå organisert som eit konsern og har etablert rutinar tilpassa den nye organiseringa. Me har fått nye logoar i dei ulike selskapa som er tilpassa krava om merkevaredifferensiering som vert gjeldande frå 2022. Vårt hovudmål er framleis å driva effektiv og sikker leveranse av straum og fibertjenester til kundar i vårt konsesjonsområde på Bømlo. Sjølv om me nå tilfredstillar myndigheitene sine krav til organisering, er det forventat at det stadig vil bli vanskelegare rammevilkår for små nettselskap. Me har ein klar strategi om å halda fram som sjølvstendig selskap og det er difor viktig at me held fram med eit kontinuerleg forbedringsarbeid der ein stadig ser etter smartare og meir økonomiske måtar å drifte nettet på, samtidig som me opprettheld den gode kundeservicen som me er kjent for. Det vart i 2021, i samarbeid med dei tilsette, innført ei ny vaktordning som eit pilotprosjekt. Ordninga er nå innført permanent og me håpar at ordninga opprettheld både servicenivå og feilrettingskapasitet samtidig som ein sparar kostnader. For eit lite selskap er det viktig med gode samarbeidspartnarar. Som eigar i både Nettalliansen og Haugaland Kraft, har ein sikra seg gode og ulike samarbeidspartnarar for selskapet.



Breibandsatsinga til kraftlaget har vore vellykka, og slik me ser det vil behovet for fibertilknytning til bedrifter og privatpersonar halda fram. Innføring av 5G mobilnett kan medføre sterkare konkurranse, spesielt om fritidskundane. Vår samarbeidspartnar Altibox følgjer utviklinga tett og eigaren deira Lyse, har nyleg kjøpt verksemda til ICE Scandinavia. Det blir spennande å følgje med på dette framover. Kan hende vert partnerskapen i Altibox involvert i vidare utbygging av 5G nett.

I framtida vil me truleg også oppleve auka utfordringar knytt til vær og klima. Då er det godt å vite at me har investert i gode grøfter i dei nye vegane på Bømlo. Dette vil me og ha som grunnhaldning framover etter kvart som vegarbeida held fram rundt om på øya, men kost/nytte vil sölvsagt bli vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Koronaviruset, Covid-19, har også i 2021 gitt utfordringar for drifta. Finnås Kraftlag har følgd retningslinjene gitt av myndigheitene og har i tillegg gjort ei rekke eigne vurderingar og tiltak for å hindre smitte. Dette har medført at me har klart å ha ei tilnærma normal drift og aktivitet utan for mange smittetilfelle blant våre tilsette.

Høge kraftprisar, spesielt i slutten av året medfører at utbyttet frå Haugaland kraft ikkje vert redusert grunna dei låge prisane i 2020. Utbyttereglane som baserer seg på 3 års snitt, jamnar ut effekten av dei to ulike åra. Om dei høge kraftprisane held fram, kan me vente enda høgare utbytte i åra som kjem. Avgjerda om å bytte aksjane i SKL mot Haugaland Kraft aksjar gjer at me ikkje er like eksponert mot svingingane i kraftprisane som tidlegare. Nå har me fordelt risikoen på dei fire kjerneområda produksjon, nett, kraftomsetting og breiband, og har dermed «fleire bein å stå på».



Reglane for utrekninga av nettramme endrar seg i 2023 til å basere seg på 30% av eigne kostnader og 70% av kostnadane til dei mest effektive selskapa (referanseselskapa). Dei siste åra har denne fordelinga vore 40/60. Den nye regelen kan medføre ein reduksjon i inntektsramma. Me meiner likevel konsernet totalt sett er godt rusta til å møte utfordringane me står ovanfor i framtida, sjølv om effektiviteten til nettselskapet vil ha enda større innverknad enn tidlegare.

Finansiell risiko

Finnås Kraftlag har investert ein mindre del av verdiane i langsiktige fond og aksjar. Det er låg risikoprofil på investeringane og derav mindre finansiell risiko. Finnås Kraftlag er og ein stor eigar i Haugaland Kraft AS og ser at det er ei viktig oppgåve å forvalte dette eigarskapet på ein god måte.

I den daglege drifta er ein eksponert for noko finansiell risiko knytt til renterisiko, kundefordringar og finansielle kraftkontraktar. Selskapet møter risiko for manglande oppgjær frå kundar med tett oppfølging via gode rutinar for betalingsoppfølging og kredittvurdering.

Selskapet har god likviditet og tilgang til kassekreditt som enkelt kan utvidast. Ein har også reserve gjennom fond som kan realiserast om nødvendig. Finnås Kraftlag har valt å ha ein større kassekreditt i staden for langsiktig lån, då dette er vurdert som mest kostnadseffektivt. Basert på Finnås Kraftlag sin sterke finansielle posisjon, selskapet sine viktige og samfunnskritiske produkt, og uttale frå vår bank vurderer ein Finnås Kraftlag sin refinansieringsrisiko som svært låg.



Disponering av resultat

Overskot for 2021 er kr. 35.968.358

Disponering av årsresultat	35 968 358
Gåver til allmennyttige føremål	3 095 505
Utdeling av kjøpsutbytte til medlemmer ¹	12 500 000
Avsett til annen egenkapital	20 372 853
SUM disponeringar	35 968 358

¹ Kjøpsutbytte vert fordelt etter medlemmene si omsetning med kraftlaget gjennom 2021.


Styret foreslår at følgjande allmennyttige gåver vert gitt:

Gåvefond disponert av styret	1 200 000
Rubbestadnes idrettslag - padelbane	100 520
Bømlo Turlag/Bergen&Hordland turlag -kysthytte	1 400 000
Bremnes skyttarlag - minatyrskytebane	394 985
Sum allmennyttige gåver	3 095 505

For alle gåvetildelingar gjeld følgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formdelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektreknaskap er lagt fram.

Bremnes 25.04.2022


Torleiv Fylkesnes
styreleiar



Anne-Beth Njærheim
nestleiar


Eli Furnes
styremedlem


Signe Lund Jansen
styremedlem


Tor Bjarne Smedsrud
Administrerende Direktør


Ove Grønås
styremedlem


Vermund Hjelland
styremedlem


Johnny Rolfsnes
styremedlem



Padelbane hvor begge ender er fri for ståløyler, dette for å oppnå maksimal spiller- og tilskueropplevelse. Rammekonstruksjon består av stålprofiler og gitterrammer, som tåler påvirkning fra vind og vær. De sikkerhetstestede glasspartiene har gjennomsliktige beslag.

Rubbestadnes Idrettslag - Padel

Kysthytte Kråkeneset

Bømlo Turlag

Bergen og Hordland Turlag

Bergen og Hordland Turlag



Billete 4: Kråkeneset ligg midt på Bømlo, i sjøve indrefluten av turlepper og aktivitetstilbod.



Kort om drifta i 2021

Finnås Kraftlag SA

Det er morselskapet som leverer rekneskap, administrative tenester og reinhald til dei andre selskapa i konsernet. Etter at selskapet vart organisert som eit konsern har oppgåvemengda auka. Budsjett, rapportering, løn og fakturahandtering er alle oppgåver som nå må utførast for tre selskap. Det har og vore krevjande å etablere rutinar som er tilpassa den nye organiseringa. Den auka arbeidsmengda har gjort det nødvendig å auke kapasiteten. Hausten 2021 vart det difor tilsett ein ny rekneskapsmedarbeidar.

Det er også morselskapet som stort sett driftar nett- og Facebook-sidene til konsernet. Kundane sett pris på den gode servicen som vert levert og me får ofte gode tilbakemeldingar på vårt kommunikasjonsarbeid. Oppgåver som HMS, beredskap og IT tenester er og felles for heile konsernet, men vert kjøpt inn som tenester levert av dotterselskapa Bømlo Kraftnett AS og Finnås kraftlag AS.

Bømlo Kraftnett AS

Personale

Det er totalt 18 tilsette i Bømlo Kraftnett. Av desse er ingen kvinner. Sjukefråværet i 2021 var 4,9 %.

Eigedomar

Administrasjonsbygg med lager, garasje, kaldt lager/stolpelager og carport, med ei samla grunnflate på 3077 m².

Tomta er på omlag 12 da. med omlag 2 da. grøntanlegg.

Ekornsæter stasjon

Stasjonsbygget er på 117m² og utstyrt med 6 stk. 22 kV brytarfelt for utgåande linjer. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Deler av anlegget er eigd av Haugaland Kraft.

Børøysund stasjon

Stasjonsbygget, med 3 utgåande effektbrytarfelt, stasjonstransformator og målefeldt med meir, er på 150 m², inklusiv kontrollrom og hjelpeanlegg. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Tomta er på 2 da. Deler av anlegget er eigd av Haugaland Kraft.

Nettstasjonar:

Ved utgangen av året hadde Finnås Kraftlag 350 fordelingstransformatorar i drift, med samla yting 93.372 kVA. Transformatorane er plasserte i 328 nettstasjonar.

FAKTA DISTRIBUSJONSNETT 2021

22kV:	
Luftleidning:	114,2 km (118,0)
Hengekabel:	4,5 km (4,5)
Sjøkabler:	7,9 km (8,6)
Jordkabler:	139 km (138,1)
Nettstasjonar:	328 (325)
Transformatorar:	350 (346)
Trafokapasitet:	93 372 kVA (85 317)

5kV:	
Luftlinjer:	1,1 km (1,1)
Sjøkabler:	2,2 km (2)
Jordkabler:	0,2 km

<1kV:	
Luftlinjer:	336,5 km (337)
Jordkabler:	345,8 km (342)
Sjøkabler:	4 km (4)

Nettkundar:	8779 stk. (8662)
Plusskundar:	19 stk. (5)

Lågspennett:

Ved slutten av året består nettet av:





- 337 km luftlinjer
- 346 km jord- og 4 km sjøkabler.

Nettleige

Bømlo Kraftnett si tillatne inntekt i 2021 var kr. 77,9 mill. Faktisk inntekt blei kr. 75,5 mill. og dette medførte ei mindreinntekt på kr. 2,4 mill. Selskapet har avskrive årets mindreinntekt. Totalt har selskapet ved årskiftet kr. 4,7 mill. i mindreinntekt.



Å halde nettleiga lågast mogleg er eit viktig oppdrag for Bømlo Kraftnett. Pengane ein tar inn frå kundane fordelast på fleire aktørar. Berre 1/3 går til Bømlo Kraftnett. Resterande fordelast mellom eigarane av overliggende nett (Statnett og Fagne) og staten i form av avgifter og moms. I perioden 2016-2021 har Bømlo Kraftnett sine kostnader vore stabile, medan kostnadane til overliggende nett er auka med 88,2%. Dette er kostnader til Statnett og Fagne (Haugaland Kraft Nett) for sentralnett og regionalt distribusjonsnett og er kostnader som me som lokalt nettselskap ikkje klarer påverke.

På grunn av dei auka straumprisane, har og kostnaden for tapt straum i nettet auka betrakteleg og vart på over 6,5 millionar i 2021. Nettleiga ved forbruk på 20 000 kWh var i 2021 70,62 øre/kWh, inkl. 16,69 øre/kWh i el-avgift og 25 % mva



Energiuttak

Figuren nedanfor viser at det er ein klar samanheng mellom temperatur og forbruk på Bømlo. I februar var temperaturane spesielt låge og me opplevde eit rekordhøgt forbruk på 44,46 MW i time 09 den 10. februar. Denne verdien inngår i berekninga av Bømlo Kraftnett sin tariffen for overliggande nett (Fagne AS) og er viktig å holde lågast mogleg.



Nettdrift

Nye veganlegg

Veganlegga i første pakke er nå ferdige og siste rest av kabelnettet vart sett i drift og høgspenlinje demontert mellom Børøyvegen og Hestanesvegen. Om lag 7000 meter høgspenkabel er no grove ned og spenningssett langs veganlegget.

Auka kapasitet i nettet

Den kalde vinteren medførte auka forbruk og fleire trafoar måtte bytast ut for å halde tritt med forbruket. Automatisk sumering av forbruk målt med AMS målarar tilhøyrande ein trafokrets var eit godt verktøy for å avdekke transformatorar med høg last. Tidlegare måtte me vore på staden for å avdekka desse tilfella.

Utviding, ombygging og forsterking

- Nettstasjonane (NS) Fylkesnes Sør og Vorlandsvåg vart flytta ned på bakken for å sikre levering i dette området.
- NS Rubb Ferjekai skifta til ny trafo med både 230- og 400V-anlegg. Dette for å forsyne ny fabrikk på kaien i lokala til Bømlo Kommune.
- Ny NS Goddeosen Panorama sett i drift for nytt hyttefelt, Goddevegen.
- NS Lurle flytta me grunna bustadbygging.
- Høgspenlinja frå Ekornsæter til Stokkabekken vart oppgradert frå 50mm² til 150mm². På den måten har me sikra oss ei reserveforsyning til Svortlands-området.
- NS Fylkesnes skifta for å gjere klart til å forsyne ny NS Fylkesnes Vest. Fylkesnes Vest skal blant anna forsyne ny fullelektrisk oppdrettsbåt.
- Nytt Legesenter på Moster kopla til.
- NS Ramskleiva, Rubb Sør og Rubb Nord er oppgradert med nye lågspen- og høgspentanlegg og trafo.
- NS Serklau Sør sett i drift for å forsyne Moster Eigedom sitt nye bygg.
- Lakseslakteriet på Kråketangen, Langevåg, er under ombygging og oppgradering. Kunde blir prov. forsynt frå midlertidig nettstasjon fram til haust 2022.

Me hadde ein netto tilgang på driftssette høgspenkablar på 0,6 km, medan netto avgang på høgspenlinjer er 3,5 km.

Lågspenettet er bygd om og forsterka i dei krinsane der det er sett inn nye nettstasjonar og der stolpekontroll avdekka nødvendig utskifting. Bømlo Kraftnett har eit godt og relativt nytt straumnett målt mot bransjen elles.



Flott nybygg i Rubbestadneset



Stor aktivitet ved fiskerihamna på Langevåg



Nytt slakteri på Langevåg



Sqale AQ sitt flotte nybygg på Serklau



Ny salmafabrikk i Øklandsvågen

Driftsavbrot

I 2021 vart det registrert til saman 8 hendingar som førte til utilsikta driftsavbrot.

Det var registrert to sikringsbrot etter torevær, og ein feil skuldast defekt piggisolator på høgspenlinje. Lause loopar i luftledingsanlegg førte til tre avbrot, truleg etter sterk vind. Eitt avbrot skuldast at entreprenør grov av høgspenkabel ved Dagheimen. I tillegg fekk me ei hending med ein utilsikta utkopling av ein høgspenbrytar grunna lysbue i ei laus kabeltilkopling under omkopling i førekant av ein planlagd straumstans.

Nettselskapa er underlagt ei KILE-ordning. KILE er forkortinga for ei kompensasjonsordning for kostnad med ikkje levert energi, og gir eit bilete av kor mykje avbrot ein har hatt i nettet. I 2021 hadde Bømlø Kraftnett ein kilekostnad på kr 1.312.000,- mot kr 609.000,- året før.

Kilekostnaden kan fortelja noko, men er ikkje ein fullgod indikator på leveringstryggleik og tilstand i nettet vårt. Til dette nyttar ein primært avbrotindikatorane SAIFI (avbrot pr. sluttbrukar gjennom året) og CAIDI (lengda på avbrot pr. sluttbrukar). SAIFI har gått ned frå 1,7 til 1,6, medan CAIDI er gått opp frå 31 til 42. Dette er verdiar godt nede på skalaen sett i landssamanheng.

KILE-kostnad:

**Bot for nettselskapet
ved straumutfall**



Det lokale el-tilsyn, DLE

Tilsynsåret 2021 er nå historie og Covid-19 situasjonen gjorde også dette året utfordrende med stadige omstillinger. Det har derfor vore nødvendig å fokusere på ulike typar risikovurderingar gjennom store delar av året. Dette utfordrende risikobildet gjorde at tilsyn/aktivitetar har variert i omfang/hyppigheit. Ein del av arbeidet vart utført frå heimekontor på grunn av nasjonale/regionale retningslinjer.

DLE har i 2021 gjennomført tilsyn med stor geografisk spreiding i kommunen. Det er gjennomført tilsyn i bustader, hytter, rorbuer, naust og verksemdar. I samband med tilsyn har me hatt spesielt fokus på ladesystem for elbil og informasjon om generell el-tryggleik. Deler av tilsynsoppgåvene vart utført av innleigd personell frå Fagne.

Totalt vart det utført 160 tilsyn i bustadar, rorbuer, og hytter. Det har også vore utført 21 revisjonar og 78 verifikasjonar.

Det er totalt 8307 tilsynsobjekt under det lokale el-tilsynet i vårt område.



I 2021 tok me i bruk ny programvare (tilsynsverktøy) frå IT-leverandøren Cubit. Avtalen vart inngått gjennom Nettalliansen og det er oppretta brukerforum der selskapa som deltok i anskaffinga kan diskutere ulike problemstillingar relatert til verktøyet og generelt DLE arbeid.

DLE og Bømlo Brann/Redning har eit godt samarbeid, blant anna samarbeid om felles årleg skuleundervisning for alle 6. klasser i Bømlo Kommune.

Det har vore 6 brannar i bygningar og 9 brannar i elektrisk utstyr som er meldt til Bømlo Brann og Redning i 2021. Til samanlikning var det 6 brannar/tilløp til brann i bygningar som vart meldt til brannvesenet i 2020.

DLE ved Bømlo Kraftnett nyttar seg av Haugaland Kraft sin spesialkompetanse ved brannetterforsking.


Det er og inngått avtale med Haugaland Kraft om A-krim samarbeid på tvers av konsesjonsområda.

Veglys

Ved årsskiftet er det i drift 2239 kommunale og fylkeskommunale veglyspunkt langs offentlig veg, samt 640 private veglys. Ein mellombels avtale regulerer samarbeidet om vedlikehald av veglys som Bømlo kommune har økonomisk ansvar for. Det er planar om å innføre ei kartløysing der kundane kan melde inn feil og manglar på veglysa i løpet av 2022.

Byggjestråum

Bømlo Kraftnett leiger ut byggjestråumskap til private og entreprenørar som måtte ha bruk for dette. Nettselskapet er plikta å kople til byggjestråumskap, men ikkje til å leige ut slike skap. Bømlo Kraftnett har valt å tilby dette for å yta god service til kundane våre.



Montørane våre er like blide uansett vær og vind.

Finnås Kraftlag AS

Personale

Det er totalt 8 tilsette i Finnås Kraftlag AS. Av desse er det ei kvinne. Sjukefråværet i 2021 var 3,2%.

Breiband

Korona-effekt

2021 blei på ny eit «annleis» år for breiband på lik linje med resten av samfunnet. Koronasituasjonen gjorde det meir tidkrevjande å installere nye kundar på grunn av smitteverntiltak og hyppige endringar av avtaler. Koronasituasjonen har skapt stor etterspurnad etter høgare hastigheit grunna omfattande bruk av heimekontor. For desse kundane hasta det å få installert fiber og dette medførte høg aktivitet og arbeidspress på avdelinga. Me opplevde også stor etterspurnad i fritidsmarknaden då fleire måtte ta ferie i heimlandet, og mange nytta fritidsbustaden til heimekontor.

FAKTA BREIBANDSNETT 2021

Noderom	18 stk. (18)
Fiberkabel:	903 km (886)
Privatkundar:	5481 (5341)
Fritidskundar (herav)	1117
Bedriftskundar:	232 stk.
Leveransar svart fiber	75

I tillegg til å handtere auke i etterspurnad har ein gjennomført ordinært vedlikehald og feilretting, med ekstra tiltak for å sikre seg. Av omsyn til smittevern har våre montørar også hatt direkte oppmøte.

12 år på rad

Det var svært gledeleg å få nyheita om at Altibox for 12 år på rad vann kåringa av beste internett- og TV-leverandør. At Finnås Kraftlag i tillegg skåra svært høgt på kundeundersøkinga gjer oss stolte og audmjuke. Dette forpliktar og me vil lytta til dei gode innspela me får gjennom undersøkinga og jobba for å bli enda betre.



Nye kundesystem

I samband med overgang til nytt kundesystem våren 2021, har ein brukt mykje tid og ressursar på å førebu overgangen frå gammalt til nytt, og kvalitetssikre kundedata. Det nye systemet er også betre tilrettelagt for at me skal overhalda alle krav til personvern, noko som er særskild viktig at blir handtert korrekt.

God aktivitet i 2021

Fibernettet er i stadig endring då nye bustader vert bygde spreidd over heile Bømlo, og me installerer ny bustadar/hytter/naust kvar einaste veke. Dette medfører i nokre tilfelle at me må forsterka fibernettet i eit område for å ha fibrar til alle.

Viktige prosjekt i 2021:

- Oppkopling av nye kundar
- Vegstrekk frå Børøy-krysset til Hestaneset er klart med nye røyrtrasear, som gir oss rom for å auke kapasiteten mellom nord og sør på øya. Her er kablar og omleggingar gjort på mange kundar, og fibernettet er blitt mykje meir systematisk og ryddig.
- Utvide fibernettet mellom Kåso og Bømmelhamn.
- Det nye bustadfeltet på Ulsvåg førte til at ein har bygd ein ekstra fiberkabel inn til området for å sikra at «alle skal få».
- Utvide fiberkapasitet i Alsvåg området. Her kjem stadig nye bustadar, naust og rorbuer og det er nødvendig å tilpasse kapasiteten. Dette prosjektet vert ikkje ferdig før i 2022.

Kundesenter

På dagtid er det eigne tilsette på kraftlaget som svarer på dei aller fleste spørsmål om breiband. Me har avtale med Haugaland Kraft om utvida kundeservice på kveldstid fram til kl. 20:00 og laurdagar fram til kl. 14:00.

Trådløst nett

Kundesenteret vårt mottar mykje spørsmål om trådløst internett. Altibox har difor gjort ein avtale med Google om å levera deira trådløse løysing, som eit produkt kundane våre kan kjøpa til ein rabattert pris. Mange har nytta seg av dette tilbodet.

Ny tv dekodar

Det kjem stadig nye boksar for å heile tida kunne levere dei nyaste og mest innovative tenestene. Altibox fokuserer meir og meir på strøyme teneste, og har i den samanheng lansert ein ny tv dekodar, med namnet Modell A. Denne kan blant anna og levere Netflix integrert. Dette vil bli den dekodaren som blir levert til alle nye kundar framover.



FAST LAVPRIS:

Kun kr 39,-/md. per enhet


Som kunde hos din lokale Altibox-partner kan du få Google Nest Wifi for kun kr 39,- per stykk per måned, med rentefri nedbetaling over 36 måneder. Og hvis du vil betale hele summen på din neste faktura, går det også helt fint.



Kraftomsetnad

Finnås Kraftlag selde i 2021 fortrinnsvis straumproduktet «Spot-On Bømlo». Dette er eit spot-produkt med påslag som er i tråd med anbefalingane frå forbrukarombodet.

I 2020 var straumprisane rekordlåge. Straummarknaden i 2021 vart totalt motsett samanlikna med 2020. 2021 starta med meir normaliserte prisar, men ein tørr sommar, nye forbindelsar til utlandet saman med rekordhøge prisar på gass, kull, olje og CO₂-kvoter medførte ein markant auke i straumprisane utover hausten. I desember vart prisane så høge at regjeringa måtte innføre ei støtteordning for å kompensere for dei høge energiprisane.



Elbil-lading

Nytt frå 2021 er at me tilbyr sal og montasje av heimeladerar til private og næring. Tiltaket vart tatt godt imot, og salet overgjeikk våre budsjettmål. Totalt monterte me 136 heimeladerar i 2021. Det viste seg at mange hadde venta på dette tilbodet og var glade for å kunne skaffe seg ein sikker og rask ladar via Finnås Kraftlag. At kjøpet medfører auka kjøpsutbytte er og ein bonus for våre medlemmer.

Finnås Kraftlag eig ein hurtigladar plassert ved Kulturhuset på Sortland. Ladestasjonen er drifta av ladeoperatøren Meir. Det har vore drøfta om me skal etablere fleire hurtigladarar i vårt konsesjonsområde, men førebels er det ingen konkrete slike planar.



Solceller


I fortsettinga av satsinga på heimelading valte me å sjå på sal av solceller. Me har valt å samarbeide med den største nasjonale solcelle-aktøren i Norge. Dei har fleire års erfaring med slike installasjonar .

Også dette tilbodet har blitt tatt godt imot av våre kundar. Frå me så smått starta i august selde me 20 anlegg fram til årsskiftet.

Dei høge straumprisane har gjort det ekstra gunstig å montere solcellepanel og bestillingane har rent inn over heile Sør-Norge.

Dessverre har ikkje vår samarbeidspartnar klart å skalere opp montasjekapasiteten tilsvarende og ventetida for montasje har auka meir enn ynskjeleg. Leverandøren arbeidar med tiltak, men det har vist seg vanskelegare enn først tenkt å skaffe korrekt kompetanse og erfaring.

Som for alt anna, løner det seg også her å vera medlem då kjøpet er med i grunnlaget for berekning av kjøpsutbytte.



Resultatrekneskap

Mor		Konsern			
2020	2021	NOTAR	DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADE	2021	2020
0	0	1	Energisal	101 795 875	22 023 469
0	0	1	Inntekter overføring	74 928 539	69 345 639
0	0	1	Breibandsinntekter	56 294 741	49 825 450
16 672 397	14 468 889	1, 15	Andre driftsinntekter	4 935 162	5 367 983
16 672 397	14 468 889		Sum driftsinntekter	237 954 317	146 562 541
0	0	3	Aktivering investeringsarbeid	-6 995 982	-6 956 318
0	0	1	Energikjøp	97 876 317	18 560 699
0	0	1	Overføringstenester	28 977 338	24 008 245
0	0		Varekjøp breiband	25 932 358	25 756 723
0	0		Øvrege varekjøp	11 499 151	2 192 133
6 216 193	7 060 732	2	Lønnskostnader	28 696 581	26 650 632
208 594	219 260	3	Ordinær avskrivning	19 573 214	20 444 292
9 760 926	6 667 097	2	Annan driftskostnad	15 246 719	19 065 223
16 185 712	13 947 089		Sum driftskostnader	220 805 696	129 721 629
486 685	521 800		Driftsresultat	17 148 621	16 840 913
			FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
10 903 710	12 043 898		Inntekt frå investering i dotterselskap	0	0
321 058	360 143		Renteinntekt	402 915	461 460
24 376 891	23 168 030		Anna finansinntekt	23 208 879	24 376 891
	1 159 316		Verdiauke markedsbaserte omløpsmidlar	1 159 316	0
-92 050	0		Urealisert verdiendring verdipapir	0	-92 050
-835 503	633 066		Rentekostnad	-634 533	-835 750
-178 193	69 337		Tap på sal verdipapir	-69 337	-178 193
34 495 913	36 028 984		Resultat av finanspostar	24 067 240	23 732 358
34 982 598	36 550 784		Ordinært resultat før skattekostnad	41 215 861	40 573 271
606 023	582 426	10	Skattekostnad på ordinært resultat	1 608 845	2 278 207
34 376 575	35 968 358		Resultat i året	39 607 016	38 295 064
			OVERFØRINGAR		
1 960 900	3 095 505	7	Gåver til almennyttige formål		
20 415 675	20 372 853	7	Avsett til annan eigenkapital		
12 000 000	12 500 000	6	Utdeling av kjøpsutbyte		
34 376 575	35 968 358		Sum overføringar		

Balanse pr. 31.desember

Mor		NOTAR	EIGA	Konsern	
2020	2021			2021	2020
Anleggsmidler					
Immateriell eiga					
1 815 486	1 720 068	10	Utsett skattefordel	0	0
1 815 486	1 720 068			0	0
Varige driftsmidler					
4 076 246	4 014 234	3	Bygningar	14 275 566	14 724 073
0	0	3	Distribusjonsnett	227 269 101	227 698 516
0	0	3	Breibandsnett	79 807 657	84 010 220
0	0	3	Anlegg under utførelse	8 756 929	4 450 513
550 356	429 766	3	Øvrege driftsmidler	7 131 108	6 282 558
4 626 602	4 444 000		Sum varige driftsmidler	337 240 361	337 165 880
Finansielle anleggsmidler					
340 449 742	340 449 742	5	Investeringar i dotterselskap	0	0
646 411 366	646 451 575	4	Investeringar i aksjar og andelar	648 221 608	648 072 154
986 861 108	986 901 317		Sum finansielle anleggsmidler	648 221 608	648 072 154
993 303 196	993 065 385		Sum anleggsmidler	985 461 969	985 238 034
Omlaufsmidler					
Materiallager					
0	0			4 416 020	1 977 480
Fordringar					
0	0		Kundefordringar	67 401 703	37 781 419
14 651 124	18 614 894	15	Fordring på konsernselskap	0	0
478 136	171 699	2	Andre fordringar	5 553 729	5 462 327
15 129 260	18 786 593		Sum fordringar	72 955 432	43 243 746
Investeringar					
19 961 146	21 549 719	14	Markedsbaserte fondsandelar	21 549 719	19 961 146
19 961 146	21 549 719		Sum investeringar	21 549 719	19 961 146
1 791 798	503 418	11	Bankinnskott, kontantar o.l.	3 420 709	3 917 697
36 882 204	40 839 730		Sum omlaufsmidler	102 341 880	69 100 069
1 030 185 402	1 033 905 116		SUM EIGA	1 087 803 851	1 054 338 104

Balanse pr. 31. desember

Mor		NOTAR		EIGENKAPITAL OG GJELD		Konsern	
2020	2021					2021	2020
Eigenkapital							
Innskoten eigenkapital							
1 061 700	1 132 500	6		Medlemskapital		1 132 500	1 061 700
1 061 700	1 132 500			Sum innskoten eigenkapital		1 132 500	1 061 700
Opptent eigenkapital							
9 700 000	9 700 000			Etterbetalingsfond		9 700 000	9 700 000
914 619 950	934 992 803	7		Annan eigenkapital		942 549 953	918 538 444
924 319 950	944 692 803			Sum opptent eigenkapital		952 249 953	928 238 444
925 381 650	945 825 303			Sum eigenkapital		953 382 453	929 300 144
Gjeld							
Avsetjing for forpliktingar							
633 930	1 490 501	8		Pensjonsforpliktingar		1 847 008	1 373 541
0	0	10		Utsatt skatt		8 052 647	6 930 805
633 930	1 490 501			Sum avsetjing for forpliktingar		9 899 655	8 304 346
Kortsiktig gjeld							
64 561 509	59 210 638	12		Gjeld til kredittinstitusjonar		59 210 638	64 561 509
594 085	576 058			Leverandørgjeld		10 558 690	9 879 312
1 100 000	747 121	10		Betalbar skatt		747 120	1 100 000
2 616 351	678 685			Skuldige offentlege avgifter		8 013 216	9 960 616
16 081 260	16 601 846			Gjeld til medlemmer		16 601 846	16 081 260
11 232 906	0	15		Gjeld til konsernselskap		0	0
7 983 711	8 774 965			Anna kortsiktig gjeld		29 390 234	15 150 917
104 169 822	86 589 313			Sum kortsiktig gjeld		124 521 744	116 733 614
104 803 752	88 079 814			Sum gjeld		134 421 399	125 037 960
1 030 185 402	1 033 905 116			SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 087 803 851	1 054 338 104

25.04.2022




Torleiv Fylkesnes
styreleiar




Anne-Beth Njærheim
nestleiar




Eli Furnes
styremedlem



Signe Lund Jansen
styremedlem



Tor Bjarne Smedsrud
Administrerende Direktør



Ove Grønås
styremedlem



Vermund Hjelland
styremedlem



Johnny Rolfsnes
styremedlem

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk.

Konsolideringsprinsipp

Konsernrekneskapen omfattar Finnås Kraftlag SA med dotterselskap der Finnås Kraftlag SA har bestemmende innflytning som følgje av juridisk eller faktisk kontroll. Dette omfattar Finnås Kraftlag AS, og Bømlo Kraftnett AS.

Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta rekneskapsprinsipp for like transaksjonar i alle selskapa som inngår i konsernrekneskapen. Alle vesentlege transaksjonar og mellomverande mellom selskap som inngår i konsernet er eliminert. Investeringar i selskap der konsernet har betydeleg innflytning (tilknytt selskap) vert behandla etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen. Betydeleg innflytning føreligg normalt når konsernet eig frå 20 til 50 prosent av den stemmeberettiga kapitalen.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eignelutar og gjeld

Eignelutar for varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eignelutar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Fordringar som skal attendebetalast innan eitt år er klassifiserte som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskriven til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere av forbigåande art. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne over forventa levetid.

Omlaupsmidlar vert vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven til verkeleg verdi som følgje av eventuell renteendring.

Nedanfor er det knytt kommentarar til prinsipp for enkeltpostar i rekneskapen.

Aksjar og andelar i tilknytt selskap og dotterselskap

Investeringar i dotterselskap er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskriven til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forbigåande og det vurderast nødvendig etter god rekneskapsskikk. Motteke utbyte frå dotterselskap vert inntektsført som anna finansinntekt. Tilsvarande gjeld for investeringar i tilknytt selskap.

Andre anleggsaksjar og andelar

Aksjar og andelar i selskap der selskapet ikkje har betydeleg påverknad er oppført etter kostmetoden. Dersom verkeleg verdi er lågare og ikkje forbigåande, vil investeringane verte nedskrivne. Motteke utbyte og andre overskotsutdelingar frå selskap vert inntektsført som anna finansinntekt.

Materiallager

Materiallager er vurdert til lavaste av salspris og anskaffingskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar vert bokført til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av kvar enkelt fordring. I tillegg vert det for andre kundefordringar gjort ei uspesifisert avsetjing for å dekkje antatt tap. Fordringar i samband med straumkrav er oppført netto.

Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månadar frå anskaffing. Plasseringar i marknadsbaserte fondsandelar er vurdert til marknadsverdi.

Pensjonar

Selskapet har kollektiv pensjonsordning for dei tilsette. Ordninga er ein ytingsplan, det vil sei at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytingsplan, vert forpliktinga kostnadsført over oppteningstida i henhold til planens oppteningsformel. Allokeringemetode tilsvarar planens oppteningsformel med mindre det vesentlege av oppteninga skjer mot slutten av oppteningsperioden. Lineær opptening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om føretakspensjon vert såleis lineær opptening anvendt.

Estimatavvik og verknaden av endra føresetnadar vert amortisert over forventa gjenverande oppteningstid i den grad dei overstig 10 % av det høgaste av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor). Planendringar vert fordelt over attverande oppteningstid. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

Skattar

Skattekostnaden vert samanstillt med rekneskapsmessig resultat før skatt.

Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på den direkte skattepliktige inntekta i året) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden vert fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i høve til skattegrunnlaget. Netto utsett skattefordel er ikkje balanseført.

I tillegg er kraftlaget formueskattepliktig.

Inntekter

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent. Det vil sei når risiko og kontroll er overført til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Overføringsinntekter/nettregulering

Nettdrifta vert regulert av styresmaktene ved at Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) årleg fastset inntektsrammer for kvart selskap.

Inntektsramma vert fastsett på bakgrunn av faktiske historiske kostnader, verdien av selskapet sin nettkapital og målt effektivitet samanlikna med andre tilsvarande selskap. Inntektene vert i tillegg regulert i forhold til mengda leveringsavbrot i løpet av året, generell pris og renteutvikling.

Meir-/mindreinntekt er differansen mellom inntektsramma og faktiske innbetalte nettleigeinntekter. Meirinntekt skal rentebereknast med rentesats fastsett av NVE og blir tilbakeført til kundane. Mindreinntekt kan Bømlo Kraftnett AS velje å krevja inn frå kundane.

Anleggsbidrag

Anleggsbidrag til investeringar, frå det offentlege og private, har gått til frådrag på aktiverte verdier.

Kostnader

Kostnader vert rekneskapsført i same periode som tilhøyrande inntekt. Der det ikkje er ein klar samanheng, vert det føreteke ei skjønnsmessig fordeling mellom periodane.

Vedlikehald

Det er utført naudsynt vedlikehald på alle anleggsdelar. Det er ikkje føreteke avsetjing for utsett vedlikehald fordi kostnadene kjem til jamt over levetida. Vedlikehald/reinvestering som medfører vesentleg lengre levetid og inntening, vert aktivert.

Finansplasseringar

Plasseringar av finansmidlar er vurdert til marknadsverdi ved årsslutt, og realiserte gevinstar og tap er ført som finansinntekter.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for å kunne presentere kontantstraumar som er tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar.

Note 1 – Segmentinformasjon

Konsern

	Bømlo Kraftnett		Finnås Kraftlag AS			Finnås Kraftlag SA	Eliminering	KONSERN
	Distribusjon	Øvreg verksemd	Kraft-omsetning	Breiband	Øvreg	Tenester til konsern		
Inntekter								
Kraftsal			101 795 875					101 795 875
Breibandtenester				56 294 741				56 294 741
Overføringsinntekter	74 928 539							74 928 539
Andre inntekter	692 410	5 045 541	19 042	38 535	2 464 748	14 485 427	-17 810 542	4 935 161
SUM inntekter	75 620 949	5 045 541	101 814 917	56 333 276	2 464 748	14 485 427	-17 810 542	237 954 315
Varekostnad								0
Kraftkjøp			97 876 317					97 876 317
Varekjøp, breiband				25 932 358				25 932 358
Nettap	6 531 940							6 531 940
Nett-tj. Overliggjende	28 977 338							28 977 338
Varekjøp, anna	876 554	1 842 997		786 459	1 461 200	16 539	-16 539	4 967 211
SUM varekjøp	36 385 832	1 842 997	97 876 317	26 718 818	1 461 200	16 539	-16 539	164 285 163
Bruttoavanse	39 235 117	3 202 544	3 938 600	29 614 458	1 003 548	14 468 889	-17 794 003	73 669 152
Driftskostnader								0
Personalkostnader	12 877 084	2 131 225	17 854	6 177 858	431 828	7 060 732		28 696 582
Aktivert lønn	-3 767 580	0	0	-3 228 402	0	0		-6 995 982
Avskrivinger	8 171 897	152 252	79 066	10 934 675	16 065	219 260		19 573 215
Andre driftskostnader	15 298 944	614 455	2 713 612	7 076 398	432 333	6 667 097	-17 794 003	15 008 836
Tap på fordringar	95 687	105 648	9 998	7 443	19 107	0		237 883
Sum driftskostnader	32 676 031	3 003 580	2 820 530	20 967 973	899 333	13 947 089	-17 794 003	56 520 533
Driftsresultat	6 559 086	198 964	1 118 070	8 646 486	104 214	521 800	0	17 148 619

Note 1 – Segmentinformasjon held fram

Meir-/mindreinntekt

Konsern

Berekning av meir-/mindreinntekt inklusive KILE

Sum nettleigeinntekt	74 929
Andre inntekter (inkl. morarenter)	538
Sum faktisk nettleigeinntekt	75 467
Fastsett initiell inntekt i eige nett (-)	-49 158
KILE-kostnader	1 312
Fjerning av tidsetterslep investeringar	344
Kostnader ved overliggjande nett (-)	-28 977
Eigedomsskatt	-857
Avgifter Elhub/ FOU	-522
Total inntektsramme	-77 858
Meir- (+)/mindreinntekt (-) i året	-2 391

Avkastingsgrunnlag

	Gj.snitt
Driftsmidler	204 462
Kundespesifikke anlegg	23 534
Felles anleggsmidlar	12 586
Netto arbeidskapital (påslag 1%)	2 406
Sum avkastingsgrunnlag	242 987

Driftsresultat ekskl mindreinntekt	6 559
Avkasting % ekskl mindreinntekt	2,7 %
Avkasting % inkl mindreinntekt	8 950
Avkasting % inkl mindreinntekt	3,7 %

Ved utgangen av rekneskapsåret 2021 er det under posten andre fordringar balanseført MNOK 4,747 i mindreinntekt og renter.

Note 2 – Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

Mor		Lønskostnad	Konsern	
2020	2021		2021	2020
4 914 986	5 358 433	Løn og feriepengar	22 857 572	21 229 902
512 462	575 906	Arbeidsgjevaravgift	2 714 608	2 353 994
552 069	808 668	Pensjonskostnader	3 520 649	2 393 113
236 676	317 726	Andre ytingar	603 753	673 625
<u>6 216 193</u>	<u>7 060 732</u>	Sum	<u>29 696 581</u>	<u>26 650 632</u>
<u>6</u>	<u>6</u>	Gjennomsnittleg tal på tilsette	<u>32</u>	<u>30</u>

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret mor	Styret konsern
	mor og konsern		
Løn	1 147 489	0	0
Premie pensjon	22 712	0	0
Anna godtgjersle	15 366	0	0
Honorar til styret	0	517 792	517 792

Dagleg leiar er tilsett i morselskap og kostnad til leiar vert fordelt til døtre.

Kostnader til revisor	Mor	Konsern
Honorar lovpålagt revisjon ekskl. mva	110 000	398 750
Teknisk bistand med rekneskap	50 000	96 500
Skattemessig bistand	20 000	40 000
Øvreste attastasjonsoppgåver	0	12 250
Sum	<u>180 000</u>	<u>547 500</u>

Note 3 – Varige driftsmidler

Mor

	Bygninger	Øvrege driftsmidler	Sum
Anskaffingskost 1.1.	4 100 585	8 998 732	13 099 317
Tilgang i året	0	36 657	36 657
Avgang til anskaffingskost	0	0	0
Anskaffingskost 31.12.	4 100 585	9 035 389	13 135 974
Akkumulerte av- og nedskrivningar 1.1.	24 338	8 448 376	8 472 714
Akkumulert avskrivning avgang	0	0	0
Avskrivningar i året	62 012	157 248	219 260
Akk. avskrivning, nedskr. og rev. nedskr. 31.12.	86 350	8 605 624	8 691 974
Bokført verdi 31.12.	4 014 234	429 766	4 444 000
Økonomisk levetid	50 år	5- 8 år	

Konsern

	Breibands-nett	Distribusjons-nett	Bygninger og tomter	Øvrege driftsmidler	Anlegg under arbeid	Sum
Anskaffingskost 1.1.	189 337 479	367 413 217	23 633 440	41 229 876	4 450 513	626 064 525
Tilgang i året	6 427 968	6 433 291	0	4 707 423	2 552 658	20 121 340
Avgang til anskaffingskost	315 518	589 139	0	1 108 302	301 829	2 314 788
Anskaffingskost 31.12.	195 449 929	373 257 369	23 633 440	44 828 997	6 701 342	643 871 077
Akkumulerte av- og nedskrivningar 1.1.	105 327 259	139 714 702	8 909 367	34 947 317	0	288 898 645
Akkumulert avskrivning avgang	233 337	499 502	0	1 108 302	0	1 841 141
Avskrivningar i året	10 548 350	6 773 069	448 507	1 803 287	0	19 573 214
Akk. avskrivning, nedskr. og rev. nedskr. 31.12.	115 642 272	145 988 269	9 357 874	35 642 302	0	306 630 717
Bokført verdi 31.12.	79 807 658	227 269 099	14 275 566	9 186 695	6 701 341	337 240 361
Økonomisk levetid	5-30 år	8-55 år	50 år	5-8 år		

Note 4 – Aksjar og andelar i andre føretak mv.

Mor

Anleggsmidler	Eigarandel	Anskaffings- kost	Balanseført
Haugaland Kraft AS	9,530 %	646 095 086	646 095 086
Eigenkapitalinnskot KLP		356 489	356 489
Sum		646 451 575	646 451 575

Konsern

Anleggsmidler	Eigarandel	Anskaffings- kost	Balanseført
Haugaland Kraft AS	9,530 %	646 095 086	646 095 086
Eigenkapitalinnskot KLP		2 001 389	2 001 389
Andre		125 133	125 133
Sum		648 221 608	648 221 608

Note 5 – Investering i dotterselskap

	Eigardel	Anskaffings- kost	Balanseført verdi	Andel resultat	Andel eigenkapital
<i>Anleggsmidler:</i>					
Dotterselskap:					
Finnås Kraftlag AS	100 %	157 030 000	97 246 146	7 734 927	95 140 617
Bømlo Kraftnett AS	100 %	257 030 000	243 203 597	5 297 970	252 866 277
Sum		414 060 000	340 449 743		

Note 6 – Oversikt over medlemsinnskot

Eigarstruktur

Finnås Kraftlag har i omframt årsmøte 22.9.2010 vedteke nye vedtekter, som blant anna inneber overgang frå partslag til samvirkelag, vedtak om utbetaling av renter til eigarar samt attendebetaling av medlems-innskot.

Konsekvensen av dette er at alle medlemmer har likt medlemsinnskot. Pr. 31.12.2021 er det registrert 3.775 medlemmar med totalt innskot kr 1.132.500. Anna innskot gjeld tidlegare partshavarar som førebels ikkje har omgjort partar til medlemskap.

Gjeld til medlemmer gjeld også tidlegare partshavarar.

Note 7 – Eigenkapital

Mor

	Medlems- innskot	Annan eigenkapital	Etterbetalings- fond	Sum
Eigenkapital 1.1.	1 061 700	914 619 950	9 700 000	925 381 650
<i>Endring eigenkapital i året</i>				
Endring medlemsinnskot	70 800			70 800
Avsett til allmennyttig formål		-3 095 505		-3 095 505
Avsett til kjøpsutbyte medlemmer		-12 500 000		-12 500 000
Resultat i året		35 968 358		35 968 358
Eigenkapital 31.12.	1 132 500	934 992 803	9 700 000	945 825 303

Konsern

	Medlems- innskot	Annan eigenkapital	Etterbetalings- fond	Sum
Eigenkapital 1.1.	1 061 700	918 538 444	9 700 000	929 300 144
<i>Endring eigenkapitalen i året</i>				
Endring medlemsinnskot	70 800			70 800
Avsett til allmennyttig formål		-3 095 505		-3 095 505
Avsett til kjøpsutbyte medlemmer		-12 500 000		-12 500 000
Resultat i året		39 607 014		39 607 014
Eigenkapital 31.12.	1 132 500	942 549 953	9 700 000	953 382 453

Note 8 – Pensjonskostnader, -midlar og –forpliktingar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon og har pensjonsordning som tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har pensjonsordning i KLP som omfattar i alt 6 aktive personar (29 personar for konsern). Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal på oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktinga er dekkja gjennom et forsikringsselskap (sikra ordning).

Mor

Pensjonskostnad	2021	2020
Noverdi av pensjonsopptening i året	824 980	644 973
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	379 433	402 797
Avkasting på pensjonsmidlar	-547 609	-548 398
Netto pensjonskostnad (før arbeidsgjevaravgift)	656 804	499 372
Arbeidsgjevaravgift netto pensjonskostnad	72 755	56 780
Resultatføring estimatawik	141 150	77 460
Administrasjonskostnad	29 568	36 285
Netto pensjonskostnad (-midlar)	900 277	669 897

Finansiell status pr. 31.12.

	2021	2020
Pensjonsforplikting	22 760 080	20 102 917
Verdi av pensjonsmidlar	-18 245 779	-14 714 283
Netto pensjonsforplikting (før arbeidsgjevaravgift)	4 514 301	5 388 634
Estimeringsawik inkl. arbeidsgjevaravgift	-3 502 316	-4 299 010
Arbeidsgjevaravgift	478 516	-455 694
Netto pensjonsforplikting	1 490 501	633 930

Konsern

Pensjonskostnad	2021	2020
Noverdi av pensjonsopptening i året	3 680 768	2 970 075
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	1 286 866	1 725 222
Avkasting på pensjonsmidlar	-2 219 810	-2 366 657
Netto pensjonskostnad (før arbeidsgjevaravgift)	2 747 824	2 328 640
Arbeidsgjevaravgift netto pensjonskostnad	326 953	262 786
Resultatføring estimatawik	867 770	332 579
Administrasjonskostnadar	124 527	150 466
Netto pensjonskostnad (-midlar)	4 067 074	3 074 471

Finansiell status pr. 31.12.

	2021	2020
Pensjonsforplikting	94 514 537	85 596 994
Verdi av pensjonsmidlar	-76 948 510	-63 306 070
Estimeringsawik inkl. arbeidsgjevaravgift	-15 719 019	-20 917 383
Netto pensjonsforplikting	1 847 008	1 373 541

Note 8 – Pensjonskostnader, -midlar og –forpliktingar held fram

Mor og konsern

Økonomiske føresetnader:

Diskonteringsrente	1,90 %	1,50 %
Forventa pensjonsregulering	1,73 %	0,99 %
Forventa avkasting på fondsmidlar	3,70 %	2,40 %
Forventa lønsvekst	2,75 %	2,00 %
Forventa G-regulering	2,50 %	1,75 %

Ordninga dekkjer krav om innføring av obligatorisk tenestepensjon.

Note 9 – Kraftkontraktar

Finnås Kraftlag SA eller konsernet elles har ikkje inngått kontraktar for kjøp eller sal av kraft med faste prisar ved årsskiftet.

Note 10 – Skattekostnad

Skattekostnad i året kjem fram slik:

	2021	2020
Formuesskatt	747 121	1 100 000
Endring utsett skatt	95 418	-591 436
Skattekostnad tidlegare år	-260 113	97 459
Skattekostnad ordinært resultat	<u>582 426</u>	<u>606 023</u>

Skattbar inntekt

Resultat i året før skatt	<u>36 550 784</u>	<u>34 982 598</u>
Permanente skilnader	-36 115 954	-37 473 741
Endring i mellombelse skilnader	830 280	152 022
Anvendning av underskot for framføring	<u>-1 265 109</u>	<u>0</u>
Skattepliktig inntekt	<u>0</u>	<u>-2 339 121</u>

Spesifikasjon av skatteeffekten av førebelse skilnader og underskot til framføring:

	2021		2020	
	Fordel	Forplikting	Fordel	Forplikting
Driftsmidler	0	255 850	0	229 558
Fordringar	0	0	0	0
Pensjonsforplikting	1 490 501	0	633 930	0
Varebeholdning	0	0	0	0
Andre skilnader	0	0	0	0
Ikkje opptent inntekt	0	0	0	0
Framførbart underskot	<u>6 583 846</u>	<u>0</u>	<u>7 847 830</u>	<u>0</u>
Sum	<u>8 074 347</u>	<u>255 850</u>	<u>8 481 760</u>	<u>229 558</u>
Brutto utsett skattefordel/-forplikting		<u>7 818 497</u>		<u>8 252 202</u>
Netto utsett fordel (-forplikting) i balansen		<u>1 720 069</u>		<u>1 815 486</u>

Selskapet har ei pågåande skattesak knytta til skattemessig behandling av utbyte til medlemmane, som selskapet har krevd frådrag for i 2017-2020 med totalt MNOK 7,72. Tilsvarande frådrag er krevd i skatteberekning for 2021 med MNOK 2,64. Om skatteetaten ikkje aksepterer frådraget vil skatten bli attendebetalt og skattekostnaden tilsvarande korrigert i 2022.

Note 10 – Skattekostnad held fram

Konsern

Skattekostnad i året kjem fram slik:

	2021	2020
Formuesskatt	747 121	1 100 000
Endring utsett skatt	1 121 837	1 080 748
Skattekostnad tidlegare år	-260 112	97 459
Skattekostnad ordinært resultat	<u>1 608 840</u>	<u>2 278 207</u>

Avstemming frå nominell til faktisk skattesats

Ordinært resultat før skatt	<u>41 215 859</u>	<u>40 573 271</u>
Forventa inntektsskatt etter nominell skattesats (22%)	9 067 489	8 926 120

Skatteeffekta av følgende postar

Permanente skilnader	-7 945 653	-7 845 371
Formuesskatt	747 121	1 100 000
Korreksjon tidlegare år	-260 112	97 459
Skattekostnad	<u>1 608 845</u>	<u>2 278 207</u>

	2021		2020	
	Fordel	Forplikting	Fordel	Forplikting
Driftsmidler	0	41 063 141	0	36 452 955
Fordringar	349 282	0	358 919	0
Pensjonsforplikting	1 847 008	0	1 373 541	0
Varebeholdning	0	0	75 000	0
Ikkje opptent inntekt	0	4 706 000	0	4 706 000
Framførbart underskot	<u>6 969 932</u>	<u>0</u>	<u>7 847 830</u>	<u>0</u>
Sum	<u>9 166 222</u>	<u>45 769 141</u>	<u>9 655 290</u>	<u>41 158 955</u>
Brutto utsett skattefordel/-forplikting		<u>-36 602 919</u>		<u>-31 503 665</u>
Netto utsett fordel (-forplikting) i balansen		<u>-8 052 647</u>		<u>-6 930 805</u>

Note 11 – Likvidar og likvidplasseringar

Av bankinnskott gjeld kr 387.458 tilsette i morselskapet sitt skattetrekk. For konsernet utgjør bundne midlar kr 1.179.119.

Note 12 – Annan langsiktig gjeld

Mor og konsern

Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt:

	2021	2020
Gjeld til kredittinstitusjonar med forfall etter fem år	<u>0</u>	<u>0</u>

Bokført gjeld som er sikra ved pant og liknande:

Gjeld til kredittinstitusjonar	<u>59 210 638</u>	<u>64 561 509</u>
--------------------------------	-------------------	-------------------

Bokført verdi av eignelutar stilt som sikkerheit for bokført gjeld:

Aksjar	<u>646 095 086</u>	<u>646 095 086</u>
--------	--------------------	--------------------

Selskapet har en kassekreditt med ramme på kr 74.250.000.

Note 13 – Finansiell risiko

Selskapet har flytande renter på kassekreditt.

Finnås Kraftlag SA har finansielle anleggsmidlar med bokført verdi på kr 986.901.317, kor største posten MNOK 646 gjeld 9,53 % eige i Haugaland Kraft AS. MNOK 340 er investeringar i døtre.

Finnås Kraftlag SA har vidare marknadsbaserte finansielle postar på kr 21.549.451. Desse postane er forvalta av profesjonell porteføljeforvaltar, og følgjer den generelle verdipapirmarknaden.

Selskapet har elles ikkje postar eller instrument som er utsett for spesiell finansiell risiko. For marknadsbaserte fondsandelar er det knytt risiko til endringar i marknadspris.

Note 14 – Marknadsbaserte fondsandelar

Finnås Kraftlag SA har ei portefølje av finansielle plasseringar som er plassering av ledig likviditet. Portefølja vert forvalta av profesjonell forvaltar.

	Kostpris	Bokført verdi	Marknadsverdi
Obligasjonar	13 728 369	13 695 959	13 695 959
Markedsbaserte aksjar	5 035 207	6 776 954	6 776 954
Pengemarkedsfond	993 935	1 076 806	1 076 806
Sum	19 757 511	21 549 719	21 549 719

Note 15 – Transaksjonar og mellomværande med nærstående partar

Transaksjonsgruppe	Linje	Motpart	Forhold til motparten	2021
Administrasjonstenester	Driftsinntekt	Bømlo Kraftnett AS	Dotterselskap	8 074 866
Administrasjonstenester	Driftsinntekt	Finnås Kraftlag AS	Dotterselskap	6 394 023
Sum inntekter frå nærstående selskap				14 468 889

Kontantstraum

Kontantstraumoppstilling

Morselskap			Konsern	Konsern
2020	2021		2021	2020
		KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR		
34 982 598	36 550 784	Ordinært resultat før skattekostnad	41 215 859	40 573 271
92 050	-1 159 316	Ikkje-likvid finansiering av finansplasseringar	-1 159 316	92 050
-1 099 015	-839 888	Betalt skatt i perioden	-839 888	-1 099 015
208 594	219 260	Ordinære avskrivningar/ nedskrivningar	19 573 214	20 444 292
235 181	856 571	Pensjonskostnad utan kontanteffekt	-147 923	-338 512
960 000	0	Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	13 818	960 000
-965 090	-232 961	Midlar brukt på kortsiktige finansplasseringar		-965 090
1 765 231	0	Endring i materiallager	-2 438 540	-1 977 480
41 136 023	0	Endring i kundefordringar	-29 620 284	-37 781 419
-8 632 886	-18 027	Endring i leverandørgjeld	679 378	9 879 312
-3 418 218	-15 196 676	Endring i konsernmellomværender	0	0
-13 571 511	-986 716	Endring i andre omløpsmidlar og andre gjeldspostar	12 634 788	22 122 630
51 692 957	19 193 031	Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	39 911 106	51 910 039
		KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR		
317 274 267	0	Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar	158 000	0
-4 355 293	-36 657	Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-20 121 340	-31 844 626
		Innbetalningar ved sal av immaterielle eignelutar		
	3 205 837	Utbetalningar ved kjøp av immaterielle eignelutar		
		Innbetalningar ved sal av finansielle anleggsmidlar	3 205 837	
1 561 443	0	Innbetalningar ved sal av aksjar til kontinuitet	0	0
-340 449 742	0	Utbetalningar ved kjøp av aksjar til kontinuitet	0	0
		Innbetalningar frå investeringar i finansielle anleggsmidlar	0	0
	-3 447 500	Utbetalningar til investeringar i finansielle anleggsmidlar	-3 447 500	0
-25 969 325	-278 320	Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-20 205 003	-31 844 626
		KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR		
-16 147 716	-5 350 871	Innbetalningar ved opptak av nylangsiktig gjeld	-5 350 871	-16 147 716
0		Utbetalningar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld	0	0
		Innbetalningar ved opptak av ny kortsiktig gjeld	0	0
		Utbetalningar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld	0	0
		Netto endring i kassekreditt		
0		Innbetaling/utbetaling av eigenkapital	0	0
-10 000 000	-12 500 000	Utdelingar av tidlegare årsoverskot	-12 500 000	0
0	-2 352 220	Utbetaling til gáver og allmennyttig formål	-2 352 220	0
		Innbetaling av konsernbidrag	0	0
		Utbetaling av konsernbidrag	0	0
-26 147 716	-20 203 091	Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	-20 203 091	-16 147 716
-424 084	-1 288 380	Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l.	-496 988	3 917 697
2 215 882	1 791 798	Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 1.1.	3 917 697	0
1 791 798	503 418	Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 31.12.	3 420 709	3 917 697

Til årsmøte i Finnås Kraftlag SA

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Konklusjon

Vi har revidert Finnås Kraftlag SA sin årsrekneskap som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav,
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisande bilete av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt

intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapets og konsernets sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Bergen, 29. april 2022
Deloitte AS



Bjørn Lyse Opdal
statsautorisert revisor



